

**Strategi- og verdiplan
for
Larsnes Idrottslag
og Larsnes Fotball**

Visjon

Larsnes IL er ein breiddeklubb som skal legge til rette for allsidig idrettsaktivitetstilbod for alle innbyggerane på Larsnes. Idrettskule, fotball og trim står sentralt.

Det skal leggast til rette for alle, både for mosjonistar og for dei som satsar mot toppen. Medlemmane skal få eit likeverdige tilbod. Aktivitetstilbodet skal bygge på sunne verdiar og følgje idretten sine retningsliner.

Larsnes IL skal vere ein samfunnsutviklar som samarbeider med det offentlege, næringsliv og andre friviljuge organisasjonar i området for å utvikle anlegg og aktivitetar til det beste for alle.

Larsnes IL skal gjennom sin organisasjonsform legge til rette for at foreldre til aktive skal kunne bidra i laget sitt virke.

Verdigrunnlag

Respekt

I Larsnes IL skal vi vise respekt for kvarandre i trening, kamp og i sosiale samanhengar. Vi skal lytte til andre sine meiningar og ha forståing for forskjellige synspunkt på og utanfor bana. Alle medlemmar, støttespelarar og motstandarar vert møtt likt, uavhengig av dugleik, kjønn, hudfarge, religion eller kultur. Laget har null-toleranse i høve mobbing. Laget vert representert på ein måte som alle kan vere stolte av.

Glede

Vi skal være positive i vårt samspel med kvarandre på og utanfor banen. Larsnes IL skal oppfattast som å ha eit varmt og imøtekommande miljø. All aktivitet skal rettast mot å oppleve gleda av å meistre saman med andre i laget sine aktivitetar.

Fellesskap

Samhald og fellesskap er viktige faktorar. Det inneberer gode nettverk innad i laget og i samarbeid med det offentlege, næringsliv og andre klubbar for å skape aktivitet og trivsel.

Larsnes IL si rolle

- Larsnes IL har som mål å vere eit opent og inkluderande idrettslag med plass til alle som ønskjer å vere med på aktivitetar, vere tillitsvald eller støttespelar. LIL arbeidar aktivt for å gjere det lettare for tilflyttarar å verte deltakande i laget sine aktivitetar.
- Laget legg vekt på ansvarleg ressursbruk - og legg stor vekt på å ta vare på den gode dugnadsånden som fins i bygda.
- Larsnes IL skal vere ein klubb som leiarar, trenarar og medlemmar søker til. Laget skal vere ein lærande organisasjon som er gode til å skape, overføre/formidle kunnskap. Leiarar, trenarar og medlemmar skal ha gode mulegheiter til utvikling. Trenarar og leiararar skal ha høg kompetanse og på den måten legge til rette for god breiddeaktivitet og for dei som vert ein del av toppidretten.
- Larsnes IL skal samarbeide med andre lag der det er hensiktsmessig for å oppretthalde aktivitet og gje eit godt nok kvalitativt tilbod. Med små barnekull er det viktig at LIL har trenarar og leiarar som kan legge til rette på ein god måte og for aktive som kjem frå andre bygder. Ny hall vil skape nye mulegheiter for idrettar/ aktivitetar, og samarbeid med andre lag i Sande kan bli endå meir aktualisert.
- Larsnes IL har frå skipinga av laget tatt stort ansvar for miljøet og sosiale tiltak . Gjennom arrangement har det vore lagt til rette for kulturelle opplevingar. Det har vore realisert prosjekt som alle i bygda har hatt nytte og glede av. Ei slik holdning skal prege laget sitt vidare arbeid – «samarbeide der ein kan og konkurrere der ein må».

Larsnes - idrettstilbodet

- Larsnes IL skal arbeide for at ein kan gje eit idrett- og trimtilbod til alle alderar. Laget skal bidra med førebyggjande tiltak både for ungdom og vaksne. Vi skal være ei drivkraft lokalt for å få auka fysisk aktivitet uavhengig av alder.
- Laget si primære oppgåve er å gje barn og unge som soknar til laget eit tilbod, men samtidig må laget stille seg positiv til samarbeid med andre for å gi eit betre tilbod til laget sine medlemmer.
- For dei minste skal laget tilby allsidige aktivetar i idrettskulen i samarbeid med særiddrettane. Utvida samarbeid med Larsnes skule bør vurderast og formaliserast i åra som kjem.
- Til barn og ungdom bør laget tilby så mange særiddrettar som det er anlegg, trenar- og leiarkompetanse til å drive på ein god måte. Fotball vil i framtida vere ein stor aktivitet. Det er viktig at fotball tek mål av seg å vere ein kvalitetsklubb.
- Idrett til vaksne er ei utfordring på nasjonalt nivå då fråfallet frå organisert idrett er stor. Laget bør ha som mål av seg til å tilby fotball. I tillegg vil trimgruppa kunne legge godt til rette for både barn og vaksne. Når hallen kjem på plass bør aktivitetstilbodet utvidast.
- Alle aktivitet i Larsnes IL skal vere styrt av leiarar og trenarar som har kompetanse. Klubben bør årleg ta initiativ til kurs for både leiarar og trenarar og samle desse i eige forum med årlege samlingar.

Larsnes IL som samarbeidspartner

- Larsnes IL skal legge stor vekt på å skape gode relasjonar til kommune, fylke, andre offentlege organisasjonar og næringslivet med tanke på å skaffe rammer for framtidige anlegg og drift. Laget skal legge stor vekt på å følge opp dei avtaler som vert inngått.
- Larsnes IL skal samarbeide med andre organisasjonar om fellestiltak som kjem laget og bygda til gode. For å skape vekst i landsbyen må Larsnes IL ta eit samfunnsansvar utover det å drive med idrett.
- Larsnes IL vil i åra som kjem stå i fleire utfordringar som går på samarbeid med andre klubbar. Eit slikt samarbeid må vere basert på at det er naudsynt for å skape gode aktivitetstilbod – og samtidig må ein ikkje sette laget sin identitet i fare.

Organisasjon og økonomi

- Larsnes IL er ein idrettslag som har tatt mange store tak for å realisere anlegg opp gjennom åra: gamle Larsnes Stadion, nye stadion, grusbana, kunstgrasbana, ballbingar, samarbeid om realisering av Breidablik m.m. Det har vore muleg ved å ha god økonomistyring og ved å ha samarbeid om årlege aktivetar som gjev sikker og god inntekt.
- For å kunne halde fram med å ha ei sentral rolle i utvikling av bygda vil gode leiarar, ein god organisasjon vere med på å legge til rette for at mange vil ha eit nært forhold til laget.
- Larsnes IL har rutinar for drift og økonomi som vert fastlagt på årsmøte.
- Årleg vedteken handlingsplan er retningsgivande for klubben .
- Ny hall vil gje mulegheiter og utfordringar som vil krevje meir av organisasjonen.
- Larsnes IL er eit relativt lite idrettslag med ei fantastisk dugnadshistorie. Mange har brukt mykje tid på dugnad for å skape aktivitet. Dugnadsarbeid og det friviljuge arbeidet er bærebjelkar for eit framtidig idrettslag.

Anlegg

- Gode og funksjonelle anlegg fører til høg aktivitet. På same måte no som det var det i 60-åra då Larsnes var ein topp friidrettsklubb og realiserte Larsnes Stadion vil framtida verte prega av kva ein greier å legge til rette for på anleggsida.
- Larsnes IL sine anlegg skal haldast godt ved like og takast godt vare på. Dei friviljuge sin dugnadsinnsats på dette området har vore stor og vert viktig å ta vare på i framtida.
- I så stor grad som muleg skal framtidige anlegg etablerast i Vardane.
- Utviklinga i fotball går mot kunstgras, friidrett ser ut til å verte sentralisert mot regionale anlegg – og hallaktivitet er aukande for dei som har idrettshall.
- Turstiar, skatepark, badestrand og andre anlegg som skaper aktivitet er noko laget må ha ei aktiv haldning til.
- Gode planar, sikre areal, god forankring med samarbeidspartnarar er nøkkelen for realisering av nye anlegg – i tillegg halde etablerte anlegg på eit godt nivå.